

FOR STRANDA HAMNEVESEN KF



ALMINNELEGE VILKÅR FOR BRUK AV HAMNEINFRASTRUKTUR OG -TENESTER OG ANNA INFORMASJON:

TRER I KRAFT: 01.01 2012 (endra 27.11 2015)

GJELD FOR: Stranda Hamnevesen KF

HEIMEL: LOV-2009-04-17-19, FOR-2010-12-20-1761

DEL 1 GENERELLE OPPLYSNINGAR

1. Virkeområde

- 1.1 Føresegna gjeld for Stranda Hamnevesen KF sitt område, som omfattar heile sjøområdet og offentlige hamneanlegg i Stranda Kommune.
- 1.2 Vilkåra er bindande for alle hamnetenester som Stranda Hamnevesen KF utfører. Vilkåra er bindande for ekspeditørar som operer innan området.
- 1.3 For avvik i vilkåra må Stranda Hamnevesen KF og kunden inngå ei særskilt avtale om dette.

2. Definisjon

STHA: Stranda Hamnevesen KF

Hamnetenester: Stille til rådighet eigna kai plasser for fartøy
Stille til rådighet landareal til lasting og lossing
Serviceoppgåver

Hamneanlegg: Stranda kai og tenderbrygge
Hellesylt kai
Nye Hellesylt kai og tenderbrygge
Geiranger kai
Geiranger cruiseterminal

FOA: Forskrift om anløpsavgift, prisar og vilkår for Stranda Hamnevesen KF , dokument 1

PRISLISTE: Prisar og vilkår for Stranda Hamnevesen KF, dokument 3

3. Ansvarsområde

- 3.1 Stranda Kommune har gitt Stranda Hamnevesen KF fullmakt til drift og forvaltning av sjøområdet i kommunen i medhald av Lov om hamner og farvatn, jf. Lov 17 april 2009 nr. 19 med tilhøyrande forskrift, § 10. KOM 131/09 vedtak samrøystes 17.12 2009, samt internasjonale bestemmelsar om avfallshåndtering og sikring (ISPS)

- 3.2 Stranda Hamnevesen KF skal ivareta all hamneverksemd i Stranda Kommune som omfattar, tenesteyting, utøving av mynde og anna offentlig forvaltning som rettar seg mot fartøy, gods eller passasjerar i hamna.
- 3.3 Stranda Hamnevesen KF skal forvalte hamnekapitalen i Stranda Kommune omfatta av LHL§§ 47 og 48.

DEL 2 PRIS OG BETALINGSVILKÅR

4. Pris og tilbod

- 4.1 Kunden skal betale anløpsavgift, vederlag og gebyr i samsvar med til einkvar tid gjeldande **Prisar og forretningsvilkår for Stranda Hamnevesen KF**. Alle prisar er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter. Til einkvar tid gjeldande kommunal forskrift om anløpsavgift utgjer heimelsgrunnlag for innkrevjing av anløpsavgift.

5. Betalingsvilkår

- 5.1 Om ikkje anna er avtalt er alle prisar i norske kroner.
- 5.2 Om ikkje anna er avtalt skal betaling skje innan 15 dagar frå fakturadato og det kan krevjast fakturagebyr. Dette skal i tilfelle gå fram av faktura.
- 5.3 Kunden pliktar å oppgje rett fakturaadresse. Omfakturerering som følgje av feil informasjon frå kunden, frittek ikkje kunden frå plikta til å betale opprinnelig faktura i rett tid.
- 5.4 Dersom kunden ikkje betalar faktura i rett tid har STHA rett til å krevje forsinkelsesrente etter lova. Dette gjeld også for purregebyr etter lov om inkasso.
- 5.5 For at feil i ein faktura eller anna betalingskrav frå STHA skal kunne gjerast gjeldande mot STHA, må det reklamerast innan ugrunna opphold.

6. Betalingsikkerhet

- 6.1 Uansett bestemmelsane i pkt. 5 , kan STHA, når føretaket finn grunn til det, krevje betaling på forskot., bankgaranti eller anna relevant sikkerhet.
- 6.2 Inntil betaling eller anna relevant sikkerhet er stadfesta, kan STHA utan førehandsvarsling innstille hamnetenester som eventuelt er i gangsett.

DEL 3 HAMNETENESTER: SKIPSTRAFIKK

7. Alle føresegner om anløp, farled og anløpsavgift mm. går fram av gjeldande FOA

8. Melding om ankomst og oppgåve om fartøyet

- 8.1 Melding om ankomst skal sendast til STHA innan 24 timer før bruk av kommunale kai-/bryggeanlegg, uavhengig av om skipet sjølv legg til kai eller passasjerar stig av og på via tenderfartøy, med mindre anna er avtala.
- 8.2 Fartøy, reiarlag eller ekspeditør skal levere oppgåve om fartøyet til STHA innan 3 arbeidsdagar, etter avgang fartøy.

9. Vederlag

- 9.1 Alle fartøy som brukar STHA sine kai-/bryggeanlegg og andre tenester, betaler vederlag og gebyr i samsvar med til einkvar tid gjeldande **Prisar og forretningsvilkår for Stranda Hamnevesen KF**.
- 9.2 Reiar og agent er solidarisk ansvarleg for krav på betaling av vederlag og gebyr utløyst av eit fartøy sin bruk av kai-/bryggeanlegg og andre tenester, jf. til einkvar tid gjeldande **Prisar og forretningsvilkår for Stranda Hamnevesen KF**.

Merknad:

- Den alminnelege tydinga av reiaromgrepet i sjøretten skal leggest til grunn.

DEL 4 HAMNETENESTER: GODS OG VARETRAFIKK

10. Informasjon om gods

- 10.1 For at STHA skal kunne utføre hamnetenester må kunden, utan oppfordring, gje STHA nødvendig informasjon. Dette gjeld særlige forholdsreglar og andre relevante forhold for å beskytte personar, miljø og STHA sin eigedom (eller tredjemann sin eigedom) mot skader
- 10.2 Dersom STHA ikkje får nødvendig informasjon frå kunden, kan STHA setje i verk nødvendige tiltak på kunden si rekning og risiko. Dette for å unngå skade på personar, eigedom, ting eller miljø.
- 10.3 Omfattar hamnetenesta farlig gods, er kunden ansvarlig for at STHA får all nødvendig informasjon i forhold til gjeldande lov, reglar og forskrifter som gjeld farlig gods. Kunden er ansvarlig for at alt farlig gods er pakka, merka, emballert og klassifisert i forhold til nemde konvensjonar og reglar. Dette gjeld også nødvendig løyve frå utøvande mynde.

11. Håndtering av gods

- 11.1 Det ligg til kunden sjølv å kontrollere lasting og lossing av gods, samt inn- og utelvering frå lager.
- 11.2 Det er kunden sitt ansvar å sikre at gods er pakka og merka i samsvar med gjeldande regelverk og praksis. Dette for at gods skal tåle normal handtering, vind- og væreforhold.
- 11.3 STHA er ikkje ansvarlig for forsikring av gods. Kunden er forplikta til å teikne forsikring for skader som godset kan påføre personar eller ting.
- 11.4 Varer eller gods som vert plassert på kaia, skal fjernast så snart som råd med mindre det er gjort ei avtale om noko anna.
- 11.5 Kunden er ansvarleg for at emballasje, avfall og restar av last og liknande vert fjerna frå kaiområdet umiddelbart etter avgang fartøy.
- 11.6 Varer eller gods som vert oppbevart/ mellomagra utover 8 timar (08-16 på kvardagar) på kaiområdet skal innrapporterast til Stranda Hamnevesen eller det lokale brannvern.

12. Vederlag for gods og varetrafikk

- 12.1 Alle varer som vert frakta med skip over STHA sine kaier skal betale varevederlag etter gjeldande **prisliste**. Då med unntak av passasjerbagasje, proviant, bunkers og olje til fartøy i hamna, paller og liknande som ikkje er handelsvare.
- 12.2 Vederlag for inngåande varer er mottakar av varene sitt ansvar. For utgåande varer er dette avsendar av varene sitt ansvar. Vederlaget skal krevjast inn av fartøyet sin ekspeditør eller skipsfører, som kan gjerast ansvarlig for beløpet, etter faktura frå STHA.
- 12.3 Vederlag for varer omfattar lagring på STHA sitt kaiareal i 48 timar før lasting og etter lossing.
- 12.4 Grunnlag for berekning er vara si vekt i tonn. Sjå gjeldande **prisliste**.
- 12.5 Varer i transitt vert kun belasta vederlag for inngåande varer. Unntak er likevel varer som skal vidare til utlandet. Desse vert belasta varevederlag også ved utgåande.
- 12.6 Melding til STHA om lasting og lossing av varer skal sendast til STHA innan 3 arbeidsdagar etter avgang fartøy.
- 12.7 STHA kan kontrollere oppgåver ved å ta stikkprøver og forlange oversending av manifest og/ eller andre relevante dokument.

DEL 5 REKLAMASJON

- 13.1 Dersom kunden vil halde STHA erstatningsansvarleg for skader, forseinking eller andre krav knytta til korleis hamnetenester er utført, må dette meldast skriftelig og utan ugrunna opphald til STHA. Innsigelsar og krav er ikkje gjeldande seinare enn (3) månader etter den dato kunden fekk, eller burde ha fått kjennskap til forholdet, som er grunn til kravet.

DEL 6 TVISTER

14. Lovval og verneting

- 14.1 Rettigheter og plikter for partane i medhold av desse bestemmelsane, vert i si heilhet regulert av norsk rett.
- 17.2 Sunnmøre Tingrett er verneting for alle rettslige tvistar knytt til bruk av Stranda Kommune sitt sjøareal og til forståinga av desse bestemmelsane.

Kontaktinformasjon:

Stranda Hamnevesen KF - Besøksadresse: 6216 Geiranger
Boks 264, 6201 Stranda
Tel: + 47 46 41 11 13
Fax: + 47 70 26 80 01
Epost: rima@stranda.kommune.no
www.stranda-hamnevesen.no